



Ard Arealplan  
Jan Espen Vik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1584 - 15/25469

Saksbehandlar:  
Christian H. Reinshol  
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:  
18.07.2015

## Delegert vedtak - Planprogram for Nesfossen næringsområde, offentlig ettersyn

### Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-9, vert det vedteke å legge planprogram for Nesfossen næringsområde, plan-id 1263-201508, ut til offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

- Tillegg til § 5.4.1: **Landskap og friluftsliv** – Det må i KU vurderast fleire enn eitt alternativ til utforming av området. Mellom anna må det vurderast minimum eitt alternativ der ein tek vare på opphavleg terreng/fjellstruktur ut mot sjø i området.
- Tillegg til § 5.4.3: *Transport og trafikk* - Det må gjerast ei vurdering av massehandtering og korleis denne skal skje. Om massar skal transporterast utover området må det gjerast ei vurdering knytt til dette.
- Tillegg til 5.4.2: *Naturressursar* – Det må gjerast ei vurdering av massane som skal handterast og korleis desse vil disponerast. Verdi av eksisterande massar må vurderast. Jord- og myrmasar må omtalast, disponering og eventuell handtering vidare hjå mottakar. Det må gjerast ei vurdering knytt til evt klimaeffekt ved uttak av myrmasar.
- Det må i tillegg takast inn i planprogrammet at det skal gjerast ei vurdering av om det aktuelle myrområdet er eigna for utfylling og ei vurdering av omfanget av massar som er naudsynt for å fylle området.

Det vert elles vist til saksutgreiinga.

### Saka gjeld:

Ard Arealplan har på vegne av Nesfossen Smolt AS utarbeidd planprogram for utarbeiding av reguleringsplan for Nesfossen næringsområde. Planprogrammet legg føringar for kva tema som skal utgreiast i planarbeidet og arbeidet med konsekvensutgreiing for området.

Administrasjonen har vurdert planprogrammet, og har nokre merknader til kategoriar der det må leggest opp til meir tydeleg vurdering i planmaterialet og konsekvensutgreiinga.

### Landskap og fjernverknad:



Når det gjeld landskap og fjernverknad meiner administrasjonen at planprogrammet legg opp til for få alternativ knytt til korleis landskapet vert påverka av det planlagde tiltaket. Dette gjeld både fjernverknad og verknad for mellom anna friluftsliv. Det vert i planprogrammet lagt opp til kun eitt alternativ til 0-alternativet, med fullstendig nedsprenkning av heile det aktuelle arealet som ligg som LNF i kommuneplanen. Administrasjonen meiner at det må inn i planprogrammet at det skal vurderast minimum eitt alternativ til fullstendig nedsprenkning av området. Dette alternativet må omfatte minimum ei løysing der eksisterande terreng/fjellstruktur mellom kaiene og framføre areala i nord vert vidareført. I tillegg bør ein vurdere alternativ der ein minimerer den totale arealbruken for området. Slik administrasjonen ser det, vil ei fullstendig nedsprenkning av området føre med seg stor fjernverknad, og ynskjer at det skal vurderast andre alternativ til dette. Det vert også sett spørsmålsteikn om ein vil ha behov for to kaiar i området som skal sprengast ut.

#### **Massehandtering:**

Det må i planprogrammet takast inn at det skal gjerast ei vurdering av massane som skal handterast innanfor området, og korleis ein har tenkt å plassere desse massane. Om massane skal plasserast internt i området må verknader av dette vurderast. Vidare, om massar skal køyrast vekk, må det gjerast ei vurdering knytt til kvar massane er tenkt plassert og handtering knytt til dette. Dette gjeld spesielt jord- og myrmasar, då kommunen har spesielt fokus på handtering av slike massar. Det må vurderast i kva grad massane skal nyttast til jordbruksverksemd eller anna disponering. Det må i tillegg takast inn i planprogrammet at det skal gjerast ei vurdering av om det aktuelle myrområdet er eigna for utfylling og ei vurdering av omfanget av massar som er naudsynt for å fylle området.

#### **Klima og miljø:**

Ved uttak av massar må det gjerast ei vurdering av klimaverknadane ved uttaket. Spesielt må uttak av myr vurderast opp i mot klimagassutslepp. Vidare må det gjerast vurderingar på effekt av avrenning frå området under anleggsperioden og korleis dette kan påverke omgjevnadane.

#### **Samfunnsverknader:**

Det må takast inn i planprogrammet at det skal gjerast ei vurdering av korleis tiltaket vil påverke trafikkbiletet i området, både i anleggsfasen og i driftsfasen. Dette gjeld spesielt transport av massar i anleggsperioden. Vidare må det visast kva verknader tiltaket vil ha for næringsliv og samfunn.

#### **Konklusjon:**

Administrasjonen har gått gjennom planprogrammet, og meiner at planprogrammet med omtalte endringar over, er klart for å sende til offentleg ettersyn. Administrasjonen meiner at dei mest sentrale områda er omtala utgreidd med dei føreslåtte tilleggga. Planprogrammet skal sendast på høyring til naboar, relevante interesseorganisasjonar og berørte offentlege mynde. Planprogrammet skal i tillegg annonserast og publiserast i høve krava sett i plan- og bygningslova. Utsending og publisering av planprogram vert gjort av plankonsulent.

Med helsing

Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jan Espen Vik  
Kari Johannesen  
Nesfossen Smolt AS  
Arnold Matre

**Mottakarar:**  
Ard Arealplan